

Referat frå styremøte i VH 16.06.2025 på Museet

Møtte frå styret:

Arne Erik Fønhus, Tore Hovda, Anne Grethe Kolstad, Ingebjørg Moe, Tone Meisdalen, Kåre Leite, Toril Grønbrekk

Fråverande:

Ole Aastad Bråten

Møtte frå redaksjonskomiteen i årboka:

Redaktør Nils Rogn

Sak 18/25 – Konstituering av styret

Leiar Arne Erik Fønhus vart vald på årsmøtet, og det øvrige styret konstituerte seg sjølve.

Desse vart valde:

Ingebjørg Moe / Vestre Slidre – nestleiar

Tore Hovda / Vang – kasserar

Toril Grønbrekk / Etnedal – skrivar

Anne Grethe Kolstad / Øystre Slidre – styremedlem

Tone Meisdalen / Nord-Aurdal – styremedlem

Åse Østgård Hagen / Sør Aurdal – styremedlem

Sak 19/25 – Møteplan 2025

08.09.25

27.10.25

08.12.25

Alle møta vert haldne på museet og startar kl. 18:00. Det kan bli endringar.

Sak 20/25 – Orientering om årboka

Nils orienterte: Det har kome inn mykje stoff, og boka vil innehalde om lag 40 artiklar. Difor vert boka utvida til 256 sider. Det er likevel ikkje plass til alt innsendt stoff, så noko må vente til neste år.

Mesteparten av stoffet handlar om utvandringa, men 7–8 artiklar tek for seg andre tema. Det har kome inn stoff frå alle kommunane, men særleg mykje frå Vestre Slidre og Vang.

Boka skal etter planen vera klar til trykking 08.09.25 og ferdig til Rakfiskfestivalen.

Sidan mange i Valdres har relasjonar til utvandringa og slekt i Amerika, reknar ein med at denne årboka vil selje betre enn vanleg. Årboka har vanlegvis eit opplag på 750 eksemplar.

Nils spør om det bør trykkjast fleire i år. Styret gjev redaksjonen fullmakt til å avgjere opplaget, avgrensa opp til 1000 eksemplar.

Sak 21/25 – Teaterkveld

Valdres historielag har gjeve støtte til Åsgardsreia Teaterlag. Teaterlaget lagar framsyningar baserte på lokale soger og er særleg opptekne av å formidle lokalthistorie i Valdres gjennom teater. Den siste produksjonen deira er * Memento Mor di*, som er eit musikalsk teater om dei som reiste frå alt; somme med hjarta fylt av eventyrlyst, andre av sorg, somme med bitterheit. Alle med håp. Teateret er ein del av utvandrarjubileet som markerer 200 år sidan utvandringa til Amerika starta.

Den 01.08 skal dei ha framsyning på Trykkeriet på Fagernes. I samband med dette vil historielaga i Valdres invitere medlemmane sine til teaterkveld. Medlemmane må betale billetten sjølve, men det vert planlagt eit opplegg på museet inkludert i billetten – til dømes omvising og noko å bite i.

Ein vil òg prøve å selje bøker frå boklageret denne kvelden.

Arne Erik kontaktar Ole på museet, og saman lagar dei eit opplegg. Dei lagar ein invitasjon som kvart historielag kan sende til sine medlemmar. Arne Erik tek imot påmeldingar.

Sak 22/25 – Valdres Bygdeboknemnd

Det vart vedteke nye vedtekter for Valdres Historielag på årsmøtet. Leiar Arne Erik tek ein prat med leiaren i Valdres Bygdeboknemnd om korleis samarbeidet skal handterast vidare.

Etnedal 17.06.25

Ref. Toril